

Velkommen til påskevandring med aktiviteter!

Ta gjerne bilete når du nyttar aktivitetane eller opplev vandringa, og del opplevinga på nett!

Del gjerne bilete i sosiale medier og tagg:

Dei seks postane bør bli opplevd i rekkefølge. Sjå nummerering øvst på arket.
Bibeltekstane er frå Bibel 2011 ©
Bibelselskapet. Gjengjeve med løyve.

Postane heng oppe gjennom heile påska.

GOD VANDRING OG GOD PÅSKE!

Påskevandring (1/6)



Bli med på feiringa

Folk feira i gatene og laga fest då Jesus kom inn til Jerusalem på palmesøndag.

Finn nokre greiner som ein kan vifte med. Ein av dykk kan vere Jesus, og ein kan vere eselet, og dei andre kan vifte med greinene, så blir det eit eige palmesøndagstog.

Les bibelhistoria om det som skjedde palmesøndag, i evangeliet etter Johannes kapittel 12, vers 12 til 24.

BIBELVERS OM PALMESØNDAG

Evangeliet etter Johannes 12, 12-24

Dagen etter fekk den store folkemengda som var komen til høgtida, høyra at Jesus var på veg inn i Jerusalem. Då tok dei palmegreiner og gjekk ut for å møta han, og dei ropa:

Hosianna!
Velsigna er han som kjem
i Herrens namn,
Israels konge!

Jesus fann seg eit ungt esel og sette seg på det, som det står skrive:

Ver ikkje redd, dotter Sion Sjå, kongen din kjem,
ridande på ein eselfole.

Dette skjøna ikkje læresveinane med det same. Men då Jesus var opphøgd i herlegdom, hugsa dei at dette var skrive om han, og at folket hadde helsa han på denne måten.

Påskevandring (2/6)



Sei dei gode orda

Jesus åt saman med venane sine på skjærtorsdag. Han fortel venane at han hadde gledd seg til å samlast!

Forteljinga frå skjærtorsdag fortel oss mykje fint, og også mykje fint om korleis vi skal ha det saman.

No skal alle i gruppa seie noko fint til kvarandre, og dersom det er nokon andre de tenkjer på, så kan de kanskje sende ei melding med nokre gode ord?

Les bibelhistoria om det som skjedde skjærtorsdag, i evangeliet etter Lukas, kapittel 22, vers 14 til 23.

BIBELVERS OM SKJÆRTORSDAG

Evangeliet etter Lukas 22, 14-23

Då tida kom, gjekk Jesus til bords og apostlane med han. Og han sa til dei: «Eg har lengta inderleg etter å eta dette påskemåltidet i lag med dykk før eg skal lida. For eg seier dykk: Aldri meir skal eg eta påskemåltidet før det har vorte fullenda i Guds rike.»

Så tok han eit beger, bad takkebøna og sa: «Ta dette og del det mellom dykk. For eg seier dykk: Heretter skal eg aldri drikka av frukta frå vintreet før Guds rike er kome.»

Så tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: «Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.»

Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk.

Men sjå, han som svik meg, har handa her på bordet saman med meg. Menneskesonen går bort, som det er fastsett. Men ve det mennesket som svik han!» Då tok dei til å tretta med kvarandre om kven av dei det kunne vera som skulle gjera dette.

Påskevandring (3/6)



Den dumme steinen

Jesus døydde på krossen for alle syndene våre og alt vondt som skjer i verda.

No kan du ta ein stein og tenkje på noko dumt som har skjedd, og leggje det dumme saman med steinen inn i krossen.

Les bibelhistoria om det som skjedde langfredag, i evangeliet etter Markus kapittel 15, vers 27 til 39.

BIBELVERS OM LANGFREDAG

Evangeliet etter Markus 15, 27-39

Saman med Jesus krossfeste dei to røvarar, ein på høgre og ein på venstre sida hans. Såleis vart det oppfylt, det skriftordet som seier: Og han vart rekna blant lovbrytarar. Dei som gjekk forbi, spotta han, riste på hovudet og sa: «Sjå no, du som riv ned tempelet og byggjer det opp att på tre dagar! Frels deg sjølv og stig ned frå krossen!»

Like eins hånte overprestane og dei skriftlærde han og sa seg imellom: «Andre har han frelst, men seg sjølv kan han ikkje frelsa! Lat no Messias, Israels konge, stiga ned frå krossen, så vi kan sjå og tru!» Dei som var krossfeste saman med Jesus, spotta han, dei òg. Då den sjetten timen kom, vart det mørkt i heile landet, og mørkret varte til den niande timen. Ved den niande timen ropa Jesus med høg røyst: « Eloï, Eloï, lemá sabaktáni?» Det tyder: « Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?»

Nokre av dei som stod der, høyrde det og sa: «Høyr, han ropar på Elia.» Då sprang det ein fram og fylte ein svamp med vineddik, sette han på ei stong og ville la Jesus få drikka. «Vent», sa han, «lat oss sjå om Elia kjem og tek han ned.» Men Jesus ropa høgt og anda ut. Då rivna forhenget i tempelet i to, ovanfrå og heilt ned. Og då offiseren som stod midt framfor Jesus, såg korleis han anda ut, sa han: «Denne mannen var verkeleg Guds Son!»

Påskevandring (4/6)



Springe- konkurranse

Da disiplane til Jesus fekk høyre om at grava til Jesus var tom, vart dei veldig ivrige. Peter og Johannes vart så ivrige at dei ikkje klarte å gå til grava for å sjekke. Dei sprang så fort dei kunne! Kor fort kan du springe?

Ta ein liten springekonkurranse!

Les bibelhistoria om det som skjedde fyrste påskedag, i evangeliet etter Lukas kapittel 24, vers 1 til 9.

BIBELVERS OM FYRSTE PÅSKEDAG

Evangeliet etter Lukas 24, 1-9

Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp.

Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei:

«Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea: ‘Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.’»

Då kom dei i hug orda hans. Og dei gjekk bort frå grava og fortalde alt dette til dei elleve og til alle dei andre.

Påskevandring (5/6)



Tell vårteikn

Kva vårteikn kan du sjå rundt deg? Klarer du å finne gåsungar på trea, blommar på bakken eller grønt gras som veks fram? Sjå kor mange vårteikn du finn på to minutt!

Påska kjem alltid om våren. I heile naturen ser vi at det nye livet veks fram. I vinter var det grått, kvitt og dødt. Greinene var brune og frosne. Vinteren la eit lokk på skogen. Naturen sov. No om våren ser vi at det veks og spirer overalt.

I kyrkja samanliknar vi ofte livet som veks fram i naturen, med måten Jesus stod opp frå grava på i påska. Vi kan òg samanlikne det med korleis Gud har sagt at heile verda skal bli ny, der alt skal vere godt for oss alle.

Påskevandring (6/6)



Påske, spel og moro

Når det er påskeferie, har vi ofte meir tid til spel og moro. Mange reiser på hyttetur utan TV eller internett, og da må ein spele og leike på andre måtar. Å spele saman er ein kjempefin måte å ha det gøy på. Sjølv om ein av og til er ueinige om reglane.

Leik stein, saks og papir. To og to: Den som er best på sju rundar, vinn spelet. Den som taper, må finne på ei overrasking til vinnaren i løpet av påska.